



## KRISE- OG BEREDSKAPSPLAN

Planen er retta mot informasjonshandtering overfor publikum og presse ved ei ulykke, spesielle hendingar eller katastrofe som **Det frivillige Skyttervesen (DFS)** sine lag eller medlemmar kan bli involverte i. Rett og god informasjonen kan vere avgjerande for korleis situasjonen vert oppfatta av utanforståande.

### Ansvar

DFS er ikkje pålagt eit generelt beredskapsansvar, men har eit generelt ansvar for medlemmane sine ved ein krisesituasjon. DFS sentralt har ikkje noko økonomisk ansvar for hendingar knytt til krisesituasjonar, dette er noko skyttarlaga må førebygge og forsikre seg mot. DFS kan i gitte situasjonar vere ansvarleg for å varsle og orientere politiet ved større ulykker eller katastrofar.

### Kva gjer skyttarlaget når det oppstår ein krisesituasjon?

- ✓ Skyttarlaget varslar politi (**112**) som har ansvar for skadestadsleiing.
- ✓ Ambulanse (**113**) ved personskade og DFS sentralt.
- ✓ Varsling til DFS sentralt skjer direkte til personar i kriseleiinga, eller DFS sitt sentralbord **23 17 21 00** på kvardagar 08.00 - 14.00.

### Krise- og beredskapsleiing

DFS sentralt har oppretta ei kriseleiing som skal vere til hjelp og handtere krisesituasjonar. Norges skyttarstyre har vedteke krise- og beredskapsplan med instruksar for kriseleiinga.

Stilling/Funksjon	Namn	Mobiltelefon
President (leiar)	Bernt Brovold	994 02 505
Visepresident	Jan Åge Gjerstad	950 32 126
Generalsekretær (nestleiar)	Jarle Tvinnereim	909 79 336
Ass. gensek./Kommunikasjonssjef	Terje Vestvik	909 50 111
Sjef HV (tilkallast ved behov)	Elisabeth Michelsen	934 62 170

### Oppgåver for kriseleiinga:

1. Hente inn opplysningar om situasjonen.
2. Ta avgjersle om iverksetjing av tiltak.
3. Prioritere ressursar frå DFS si side, og avklare behov for å vere tilgjengeleg lokalt.
4. Halde kontakt med leiinga på skadestaden, eventuelt lokal redningsentral.
5. Utarbeide og sende ut informasjon til publikum og medium.
6. Informere publikum og medium direkte (intervju).
7. Rapportere om situasjonen til rette instansar.